



Aud Sørheim Myklebust er gjest på museumsdagen med utstilling og opplesing av egne dikt.

Sidan opninga av Bygdetunet Rød i 1984 har det kvart år vore skipa til museumsdag. I år vert markeringa søndag 20. august. Med same malen som før vert det gudsteneste, styltmeisterskap, utstilling og konsert. Biletkunstnaren og forfattaren Aud Sørheim Myklebust er gjest i år.

Aud Sørheim Myklebust bur i Fana, men har fast sommarbustad og kunstnarstove i Uskedalen. Mannen hennar, Arne Johan Myklebust, har farsslekta si frå bruk nr. 1 på Myklebust. På museumsdagen vil Aud syna fram bilete og tekstilar frå hennar store og varierte produksjon. Ho les egne dikt som høver til bileta.

I diktet KUNST skriv ho:

Noen mener det er enkelt

å bedømme kunst.

Diktet er godt når det rimer.

Bildet er godt når det ligner.

Musikken er god når det harmonerer.

Ander mener at

DIKTET - BILDET - MUSIKKEN

er god når de

BERØRER.

Etter gudstensta vert det kyrkjekaffe og styltmeisterskap. Uskedal musikklag sin konsert vil mellom anna innehalda tonar frå Felsesarmemusikken.

Eit meir detaljert program vert kunngjort seinare.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Uskedal musikklag vert med på museumsdagen på Bygdetunet Rød, søndag 20. august.